



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 10.05.2023 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret, Møtesal

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebakk

Annelise Kleven Godø

Cecilie Frantsen Skeide

Karianne Sveen Orvik

Bodil Muren Voldsund

Karete Malen Nettet Melø

Lidbjørn Vattøy

Hannelore Måseide

Margit Lovise Holte

Knut Erik Engh

André Sæter

Christfried Kaul

Leiar

Nesteleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

geistleg representant

kommunal representant

1. vara

sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivnummer
F-2023/12		Rekneskap 2022 - før innsending til revisor	133.0
F-2023/13	Uoff §25	Diakonstilling Ulstein sokn	211.0
F-2023/14		Ombygging av kontorlokale	031.0
F-2023/15		Lydanlegg i Ulstein kyrkje - rutiner og fornying	411.0
F-2023/16		Møteplan hausten 2023	002.3
S-2023/17		Bestilling av stolar passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje	413.0
S-2023/18		Kyrkjeval 2023 - førebuing førehandsrøysting	002.31
S-2023/19		Finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein kyrkje	361.0

Meldingar:**S006 Evaluering årsmøtet**

AU ønsker at soknerådet tek ei kort evaluering av årsmøtet med følgjande spørsmål:

- Kva kan vi gjere til å få betre oppslutnad rundt?
- Korleis kan vi legg opp årsmøtet for å auke engasjementet?
- Kan møtetidspunkt, lokale eller eit hovudtema vere faktorarsom spelar inn?

S007 Interkommunal kystsoneplan**Vedlegg:**

Epost frå bispekontoret (utan tilhøyrande vedlegg)

Ulstein sokneråd har fått brev epost frå bispedømekontoret om vi har nokre innspel vi ønskjer å gi til biskopen som er høyringsinstans for interkommunal kystsoneplan for Ytre Søre Sunnmøre. Kyrkjevevja har teke kontakt med Oda Jonette Røyset som er ein av dei som har utarbeidd planen. Ulstein gamle kyrkjestad kan vere berørte av tiltak i kystsonen og ein kan gi nokre innspel ut frå det. Kyrkjevevja har avtalt møte med Oda Jonette Røyset og Cecilie Roppen for å blir meir orienterte om saka og eventuelt kunne gi nokre innspel til biskopen si høyring ut frå Ulstein sokn sin eigedom i kystsonen.

F008 Orientering om arbeid med Ulstein nye kyrkje

- Investeringstiltak er sendt til administrasjon
- Målet er at Ulstein nye kyrkje blir forankra i langtidsplanen som eit framlegg frå administrasjonen
- Det jobbast også med å få det politiske systemet til å sette det på agendaen.
- Påverknadsrunden må skje før handsaming av 10års- planen i junimøte
- Synfaring med tanke på universal utforming er bestilt

Ulsteinvik, den 04.05.2023

Odd Arne Vikebakk	Christfried Kaul
Leiar	Sekretær

Christfried Kaul

Fra: Svein Magne Harnes
Sendt: mandag 24. april 2023 11.39
Til: Kyrkjeverje i Sande ; Christfried Kaul; Olaus Jon Kopperstad; Bente Andreassen Pilskog; Rønnaug Bjørlykke
Emne: INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YTRE SØRE SUNNMØRE 2023-2028

Kategorier: Sokneråd
AppServer: dnk360.intern.kirkepartner.no

Hei!

Vedlagt er fleire dokument knytte til INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YTRE SØRE SUNNMØRE 2023-2028, som no er under utarbeiding. Gjeld kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven. Målet er at planen skal til nytt offentleg ettersyn i løpet av sommaren 2023.

Det er kanskje ikkje truleg at ein slik plan vil røre ved kyrkjestader(?), men omsynet til estetikk, landskap, natur og kulturmiljø er i alle fall ein dimensjon også ved denne planen.

Biskopen er høringsinstans i arealplansaker som gjeld kyrkja og kyrkja sine omgjevnader. Dersom det er punkt i planen de meiner bør gjevast kommentarar til vil vi gjerne ha tilbakemelding om dette.



Med vennleg helsing
Svein Magne Harnes
rådgivar kyrkjebygg
Møre bispedøme
+47 906 67 325



Meir himmel på jorda | www.kyrkja.no/more

F-SAK 2023/12 Rekneskap 2022

UTGREIING

Vedlegg:

Driftsrekneskap

Investeringsrekneskap

Balanser

Revisorberetning

Rekneskapen for 2022 viser at vi måtte bruke kr. 140.353 frå disposisjonsfondet for å gå i null. Det var i tråd med vedtatt budsjett for 2022. Etter eit meirforbruk også i 2021 er disposisjonsfondet dermed redusert kraftig.

Det blei utført vedlikehaldsarbeid på Ulstein kyrkje på kr. 172.000 som er eit godt stykke utanfor ramma av det som ligg i tildelinga for driftsbudsjett til Ulstein kyrkje. Så mykje av denne bruken av disposisjonsfondet har samanhengen med dette. Med den gode oppslutninga Ulstein sokn har om arbeidet sitt, og auka priser på varer og tenester er det krevjande å drive både administrasjon, gravplass og kyrkjebygg. I løpet av 2023 skal rammeavtalen og tenesteytingsavtalen med Ulstein kommune reforhandlast. Med 2 reknskapsår på rad der disposisjonsfondet har blitt kraftig redusert er det vesentleg å ha gode rammer for soknet sitt arbeid. I henhold til budsjettet blei det også brukt kr. 64.698 for finansiering av ungdomsarbeidarstillinga. Fondet for ungdomsarbeidarstillinga er no oppbrukt og soknet treng ei fornying av gjevartenesta for denne viktige stillinga for å kunne halde fram med den. Det er gledeleg å sjå at gåver, kollekt og innsamlingar er på veg tilbake til eit nivå nesten slik det var før Corona-pandemien. Det vitnar om eit stort engasjement i soknet at det blei samla inn til saman nesten 1,2 MNOK for å støtte misjonsarbeid, formål for eiga og eksternt arbeid og for bygging av ei ny kyrkje.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2022

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek bruk av disposisjonsfond med kr. 330.303 til dekning av meirforbruk Ulstein kyrkjelege fellesråd hadde i 2021

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek bruk av disposisjonsfond med kr. 25.372 til pålagt investering i KLP- fond.

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet

Inntekter	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Rekneskap i fjor
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	771 826	847 650	847 650	466 392
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	-	-	-	-
3 Refusjoner/overføringer	3 999 999	3 832 754	3 832 754	4 138 705
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	258 000	-	-	258 000
5 Statlige tilskudd	-	-	-	-
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	1 577 800	1 325 000	1 325 000	1 498 352
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	5 534 768	5 165 200	5 165 200	6 252 051
8 Tilskudd fra soknets organer	-	-	-	-
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	1 112 230	580 500	580 500	907 503
10 Sum driftsinntekter	13 254 623	11 751 104	11 751 104	13 521 003
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	5 502 875	5 634 436	5 634 436	6 535 062
12 Kjøp av varer og tjenester	2 069 037	2 056 291	2 056 291	1 790 298
13 Refusjoner/overføringer	4 064 814	3 786 427	3 786 427	3 692 992
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	258 000	-	-	258 000
15 Tilskudd og gaver	278 729	404 100	404 100	157 080
16 Sum driftsutgifter:	12 173 454	11 881 254	11 881 254	12 433 432
17 Brutto driftsresultat:	1 081 169 -	130 150 -	130 150	1 087 571
18 Renteinntekter og utbytte	207 843	40 000	40 000	79 507
19 Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
20 Renteutgifter og låneomkostn.	156 888	49 000	49 000	72 812
21 Avdrag på lån	510 075	134 400	134 400	1 039 021
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	-	25 000	25 000	-
23 Netto finansinntekter/-utgifter	- 459 121 -	168 400 -	168 400 -	1 032 326
24 Avskrivninger	525 358	-	-	526 958
25 Motpost avskrivninger	525 358	-	-	526 958
26 Netto driftsresultat	622 048 -	298 550 -	298 550	55 245
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-	-	-	193 967
28 Bruk av disposisjonsfond	205 051	145 000	145 000	85 000
29 Bruk av bundne fond	80 380	153 550	153 550	93 492
30 Sum bruk av avsetninger	285 431	298 550	298 550	372 459
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	-	-	-	-
32 Avsatt til disposisjonsfond	-	-	-	-
33 Avsatt til bundne fond	907 480	-	-	758 009
34 Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
35 Sum avsetningar	907 480	-	-	758 009
36 MEIRFORBRUK (-) / MINDREFORBRUK (+)		-	-	330 305

Rekneskapskjema - investeringsrekneskapsen

	Regnskap 2022	Regulert budsjett 2022	Opprin.budsjett 2022	Regnskap 2021
1 Investeringer i anleggsmidler				
2 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	819 178			
3 Renteutgifter, låneomkostninger				
4 Avdrag på lån				
5 Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	25 372			23 507
6 Avsetninger				
7 Årets finansieringsbehov	844 550	0	0	23 507
Finansiert slik:				
8 Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.				
9 Refusjoner				
10 Kalk. inntekt ved komm. tj. ytingsavtale	819 178			
11 Tilskudd til investeringer				
12 Bruk av lånemidler				
13 Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)				
14 Sum ekstern finansiering	819 178	0	0	0
15 Overført fra driftsregnskapet				
16 Bruk av avsetninger				-23 507
17 Sum finansiering	0	0	0	-23 507
18 Udekka	25 372 -	-	-	-

	BALANSE	Regnskap 2022	Regnskap 2021
	EIGEDELAR:		
A	Anleggsmidler		
	Faste eiedommar og anlegg	18 335 399	18 330 748
	Utstyr, maskiner og transportmidler	1 029 702	740 534
	Utlån		
	Aksjer og andeler	348 364	322 992
B	Omløpsmidler		
	Kortsiktige fordringer	618 139	678 630
	Aksjer og andeler		
	Sertifikater		
	Obligasjoner		
	Kasse, bankinnskudd	9 640 636	8 757 462
C	SUM EIGEDELAR:	29 972 240	28 830 366
	EIGENKAPITAL OG GJELD:		
D	Eigenkapital		
	Disposisjonsfond	-1 969 106	-2 174 157
	Bundne driftsfond	-7 362 437	-6 535 338
	Ubundne investeringsfond	-53 500	-53 500
	Bundne investeringsfond		
	Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)		
	Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)		
	Regnskapsmessig mindreforbruk		
	Regnskapsmessig merforbruk	330 303	330 303
	Udisponert i investeringsregnskapet		
	Udekket i investeringsregnskapet	25372	
	Kapitalkonto	-18 574 336	-18 120 419
	<i>Gjeld</i>		
E	Langsiktig gjeld		
	Ihendehaverobligasjonslån		
	Sertifikatlån		
	Andre lån	-923 449	-1 058 176
F	Kortsiktig gjeld		
	Kassekredittlån		
	Annen kortsiktig gjeld	-1 445 087	-1 219 081
G	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL:	-29 972 240	-28 830 368
	<i>Memoriakonti</i>		
	Ubrukte lånemidler	6 000	6 000
	Andre memoriakonti		
	Motkonto for memoriakontiene	-6 000	-6 000

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Ulstein sokn
Kyrkjekontoret

6065 ULSTEINVIK

REVISJONSMELDING 2022

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ulstein sokn som viser eit netto driftsresultat på kr. 622.048,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 0,- . Årsrekneskapen består av årsmelding, balanse pr 31. desember 2022, driftsrekneskap og investeringsrekneskap avslutta pr denne dato og notar til årsrekneskapen, herunder eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein sokn pr 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kirke og god kommunal rekneskapskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsmeldinga og ytterlegare informasjon

Soknet og dagleg leiar er ansvarleg for øvrig informasjon. Denne informasjon består av informasjon i kommunen si årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Vår konklusjon ovanfor om årsrekneskapen dekker ikkje informasjon i årsmelding eller anna ytterlegare informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Med bakgrunn i den kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningar som skal vere med i samsvar med gjeldande lovkrav og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer med årsrekneskapen

Soknet og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Soknet og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og fastsette årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Leiinga har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapaen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskapaen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserar med soknet blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Larsnes 28.04.2023



Halldis Moltu

-statsautorisert revisor-

F-SAK 2023/14 Ombygging av kontorlokale

UTGREIING

Ulstein kyrkjekontoret treng ein del endringar for å gi betre arbeidsvilkår. Særleg arbeidsplassen til sekretæren er utsett for ein del støy og trafikk i gangene.

Sekretæren treng å kunne jobbe skjerna i periodar for å utføre oppgåver som treng konsentrasjon og arbeidsro.

Kontora til kateket og kyrkjelydspedagog, som jobbar mykje saman, ligg langt frå kvarandre.

Kontorene til sokneprest, kapellan og diakon, som har ofte samtaler, kan med fordel bli samla på ein fløy.

Stab / administrasjon ænsker at resepsjonen og ein kontorplass skal flyttast inn der trusopplæringskontoret er i dag, slik at resepsjonen kan få ei luke som også kan lukkast. Dette vil løfte inngangs- og fellesareal som eit vente- og mingleområde.

Det må kjøpast og installerast nokre skiljevegga. Nokre golv treng å bli skifta, vegger bli malte. Det trengst også at nokre kontormøbler og oppbevaringsløysingar blir kjøpt.

Nokre få av kostnadene kan bli betalt gjennom det vanlege driftstilskotet soknet får til administrasjonen, men ei slik ombygging vil koste meir enn det. Ulstein sokn har framleis kr. 53.500 på fond til investering på kontorlokale.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek bruken av inntil kr. 53.500 i 2023 frå investeringsfond til kyrkjekontoret.

F-SAK 2023/15 Lydanlegg i Ulstein kyrkje - rutiner og fornying

UTGREIING

Vedlegg:

innhenta tilbod kabel og komponenter som treng fornying.

<https://yamahiko.info/item/150/>

<https://evenstadmusikk.no/dpa/1113182/dpa-d-vote-core-4099-clip-mic-for-violin-loud-spl>

Når Ulstein sokn skal ha nokre gudstenester sendt via NRK frå hausten av er vi avhengig av å skape eit godt lydbilde i kyrkjerommet. Sjølv om NRK lager sin egen lydmiiks, kjem dei også til å bruke deler av den lyden vi har i kyrkjerommet på sending. Da må lydanlegget fungere betre enn det gjer det i dag. Kyrkjeverja har bedt Andreas Halle om å sjå på lydanlegget i Ulstein kyrkje både med tanke på standard innstillingar og sjekk av komponenter. Det er ein del komponenter som treng å bli fornya for å unngå lydproblem. På sikt bør også miksepulten byttast ut. Ny miksepult er ei sak kommunen bør involverast i gjennom investeringstiltak. Vi bør sikte oss inn i investeringsbudsjett i 2025. Når ein treng å satse på ein ny miksepult frå 2025 av er det vesentleg å få kommunale investeringsmidlar til å kunne kome i mål med ei naudsynt fornying. God lyd er også ein viktig del av å gjere kyrkjebygg betre universelt utforma.

Dette er foreslått å få gjort før hausten 202:

- Kjøpe instrumentmikrofon til akustiske strengeinstrument (fele, gitar) kr. 6.466
- Kjøpe instrumentmikrofon til fast installasjon på konsertpiano ca. 15.000
- Kjøpe mikrofon til å hente lyden frå kyrkjeklokke, ca. kr. 1.000
- Nye DI- bokser og kabel (pristilbod vedlegg) kr. 20.049,56
- Legge ein ny multikabel for å gi betre tilhøve for å koble mikrofoner til miksepulten. Dette vil kunne brukast også til ein ny miksepult og er dermed ein investering som hjelper på lang sikt. (vedlegg) kr. 17 847,10 Her bør ein kjøpe også ein rack til å montere komponentene i. Ca. kr. 10.000

Det er altså behov for ei investering på ca. kr. 70.000

Det står kr. 260.000 på fond til nytt lydanlegg.

I høve lydbildet på våre samlingar er også lyden på Fredheim til tider krevjande og personer med høyreapparat har etterlyst teleslynge.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein sokn vedtek å bruke inntil kr. 70.000 frå fond til fornying av lydanlegg for å oppgradere lydanlegget i Ulstein kyrkje.

Ulstein sokn ber Ulstein KFUK-KFUM å undersøkje om dei kan installere teleslynge i salen oppe på Fredheim.

26.04.2023
Ulstein Sokn
Christfried Kaul

DI-bokser, kabel og lydkort

						Pris Tot. Eks.	
Merke:	Modell:	Beskrivelse:	Antall:	Enhet:	Enhet pris eks. MVA	MVA	
Countryman	Type 85	Aktiv DI boks	4	stk	kr 1 735,58	kr 6 942,32	
Countryman	Type 85S	Aktiv stereo DI boks	3	stk	kr 2 959,18	kr 8 877,54	
			0	stk	kr -	kr -	
Klotz	KY5-150	MiniLink Pro y-cable mini jack- 2 x jack 1,5m	2	stk	kr 261,28	kr 522,56	
Klotz	KY5-300	MiniLink Pro y-cable mini jack- 2 x jack 3m	2	stk	kr 276,00	kr 552,00	
			0	stk	kr -	kr -	
Focusrite	Clarett+ 4Pre	Lydkort 4mic, 4 line in, 4 line out. USB-C (Brukt HP)	1	stk	kr 2 500,10	kr 2 500,10	
Klotz	M1FS1B0300	XLR - Jack kabel, mikser til lydkort. 3m	2	stk	kr 327,52	kr 655,04	
					Tot. Pris. Eks. MVA:	kr 20 049,56	
					Mva:	kr 5 012,39	
					Tot. Ink. Mva.:	kr 25 061,95	

Dato: 15.04.2023
Kunde: Ulstein Sokn
Ref.: Christfried Kaul

Multikabler

Pos:	Merke:	Modell:	Beskrivelse:	Antall:	Enhet:	Enhet pris eks. MVA	Pris Tot. Eks.	
							MVA	MVA
1	Klotz	PW24X	Multikabel 24p - 50m	1	stk	kr 14 900,32	kr	14 900,32
2	Klotz	PW02X	Multikabel 2p - 30m (Kirkeklokke)	1	stk	kr 1 288,00	kr	1 288,00
3	Nautrik	NC3FXX-BAG	XLR plugg 3P Hun Sort	12	stk	kr 38,64	kr	463,68
4	Nautrik	NC3MXX-BAG	XLR plugg 3P Han Sort	12	stk	kr 34,59	kr	415,10
5				0	stk	kr -	kr	-
16								
17	Div. Matriell		Merking, strips, tape, krympestrømpe	1	stk	kr 230,00	kr	230,00
20	Service Timer		Installasjon Arbeid	1	t	kr 550,00	kr	550,00

Tot. Pris. Eks. MVA: kr 17 847,10
Mva: kr 4 461,78
Tot. Ink. Mva.: kr 22 308,88

F-SAK 2023/16 Møteplan hausten 2023

UTGREIING

Arbeidsutvalet foreslår følgjande møtedatoar for Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd for hausten 2023:

23. august

27. september

08. november (felles møte med det nyvalde soknerådet)

06. desember (for det nye soknerådet / fellesrådet)

AU foreslår også ei sosial avslutningssamling 18. oktober for det avtroppande sokenrådet

Det er kyrkjeval 10. september, der soknerådet fungerer som valstyret.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande møteplan for hausten 2023:

23. august

27. september

18. oktober (ei sosial avslutningssamling for det avtroppande soknerådet)

08. november (felles møte med det nyvalde soknerådet)

06. desember (for det nye soknerådet / fellesrådet)

S-SAK 2023/17 Bestilling av stolar passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje

UTGREIING

Vedlegg:

*Skisse og omtale forslag nye stola i kvit og lilla
Særutskrift vedtak S-2023/3*

Etter soknerådsvedtak i sak S-2023/3 fekk Laila Endresen oppdrag med å utarbeide eit forslag på kvit og lilla stola til liturgiske klede i Ulstein kyrkje. Fargeval, utforming og symbolikken korresponderer med interiøret / utsmykking i Ulstein kyrkje.

På skissen er det ikkje synleg at det også skal vere eit gresk kors i nakkedelen av stolaen. På lilla stola vil den vere utført i sølv og på kvit stola i gul.

Forslaget skal handsamast og godkjennast av soknerådet før soknepresten sender det vidare tenesteveg til biskopen for godkjenning.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Soknerådet godkjenner forslaget og ber soknepresten om å sende det vidare til biskopen til godkjenning.



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Særutskrift for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 01.03.2023

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd har i møte den 01.03.2023 hatt denne saka til handsaming:

2023/3 Bestilling av stolaer passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje

UTGREIING

Vedlegg:

Regler og veiledning for bruk av liturgiske klær

I følgje reglementet for liturgiske klede skal det finnast eit sett med liturgiske lede som er tilpasset kyrkerommet og det øvrige liturgiske utstyret. I Ulstein kyrkje manglar det stolaer i 2 liturgiske farger.

Det årlege vedlikehaldsbudsjett for Ulstein kyrkje treng også ta høgde for vedlikehald og fornying av liturgiske klede tilhøyrande Ulstein kyrkje.

Biskopen skal godkjenne stoff, farge og symboler på stola.

Soknepresten foreslår å finne ein lokal skreddar eller tekstilkunstnar som kan utføre arbeid, levere ei skisse til godkjenning, og eit pristilbod.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

HANDSAMING

Vi ønsker å spørje pensjonert tekstilkunstnar Laila Endresen til å lage lilla og kvit stola. Soknerådet skal få lagt fram ei skisse til vedtak, biskopen skal godkjenne det. Det er midlar til dette gjennom driftsbudsjett. Kostnadene kan bli fordelt på 2 kalenderår dersom det trengst.

VEDTAK

Ulstein soknerådet vedtek å anskaffe dei to stolaer i løpet av 2023. Ulstein sokneråd ønskjer å gi oppdraget til tekstilkunstnar Laila Endresen.

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd
Christfried Kaul

Soknerådet i Ulstein kyrkje

v/Christfríed Kaul, Kyrkjekontoret

6065 Ulsteinvik

FORSLAG TIL SYMBOL PÅ FIOLETT OG KVIT STOLA I ULSTEIN KYRKJE

Eg takkar for spørsmål om å lage kvit og fiolett stola til kyrkja. Viser til møte og samtale med synfaring i kyrkja saman med Margit Lovise Holte.

Der er mykje symbolikk i kyrkjeromet i form av måleri/dekorasjonar. Noko som går igjen er bl.a. akantusblad, blomster og bordar.

Fiolett stola: Denne vert brukt i adventstida, fastetida og ved gravferder.

Høgre side: Druer m/akantusblad. Dette er eit symbol for vekst og håp.

Venstre side: Tistel. Den symboliserer lidelsen, her med 5 tistler for Jesu 5 sår. Samtidig er det håpet gjennom blomsten som veks ut av lidelsen.

Høgda på symbola må tilpassast kvarandre. Ikkje lett å vise med fargestifter korleis dette vil ta seg ut, men legg ved litt stoffprøver. Så er det broderiet som danner sjatteringer i druer og tistler. På denne fiolette er det sølv som danner alle konturar. På den kvite er det gullkonturar.

Kvit stola: Denne vert brukt i alle høgtider, bryllaup, Maria bodskapsdag og Allehelgensdag.



Høgre side: Sigerskruna på langt smalt gullkors. Pynten på krana i grønt er henta fra dekoren i kyrkja, firpas, eller ein liten blomst.

Venstre side: Lilje på tilsvarande kors som høgre side. Den er eit Kristus- og oppstandelsessymbol.

Stola`ne vert lag i ullstoff, fora med eit bomullsstoff. Mellom desse laga er eit stabeliseringstoff i ull som gjer at dei ikkje skal få brettar, og få meir tyngde. Symbola vert utførte i applikasjon og broderi. Breidde på stolaen: 11cm. Vedlagt ligg skisser og fargeprøver. Tek gjerne imot spørsmål om noko er uklart.

Tjørnvåg 25.04.2023


Laila Lillebø Endresen





S-SAK 2023/18 Kyrkjeval 2023 - førebuing førehandsrøysting

UTGREIING

Vedlegg / dokument å lese for alle soknerådsmedlemar:

https://ressursbanken.kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkevalget/2023/dokumenter/kurs_lokal%20valgjenomf%C3%B8ring_nynorsk.pptx

<https://valgmedarbeiderportalen.valg.no/media/zfel2jwm/veileder-skjema.pdf>

Det er soknerådet som er valstyret og har ansvar for førebuing og gjennomføring av val.

Nytt er digital førebuing og faste nasjonale tidspunkt for fysisk førebuing.

Tidsplan førebuing (digitalt og fysisk):

Kvart sokn skal legge info i valmodulen i medlemsregisteret så fort som mogleg og seinast innan 1. juni:

- Tid og stad for førebuing
- Tid og stad på valdagen/valdagane for kvar stemmekrets
- Vallister og informasjon om kandidatar
- Eventuelle supplerte kandidatar
- Førebuingsperiode: 10.08. – 06/08.09.
- Ein nasjonal felles dag / felles tidspunkt: 31.08. kl. 15:00 – 20:00 (torsdag)
- Ei eller fleire valte gudsteneste i førebuingstidsperioden: forslag: 20.08. (opningsgudsteneste)
- På institusjon (torsdag 31.08. i samband med andakt)?
- På kyrkjekontoret / kyrkje på senteret 2 timer i veka? (Onsdag 15:00 – 17:00?)
- Eit arrangement for ungdom: (øving til samtalegudsteneste? Drypp? Ten Sing- øving? KRIK? Roversamling?)

For å handtere oppgåva for kyrkjeval foreslår administrasjonen at det blir satt ned ei arbeidsgruppe med medlemar frå valstyret og kyrkjeverja. Arbeidsgruppa førebuing valstyret til oppgåva i samband med val.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Det er ikkje lagt fram framlegg til vedtak i denne saka.

S-SAK 2023/19 Finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein kyrkje

UTGREIING

Ulstein sokn har målbevist og med stor suksess satsa på ungdomsarbeid i mange år. Del av denne satsinga er at vi har hatt ein ungdomsarbeidar tilsett i 20% for å jobbe med Ten Sing, leiartrening, ungdomsgudstenester og å skape generelt eit godt ungdomsmiljø. Å kunne ha ein ungdomsarbeidar vil vere ei viktig satsing for å kunne drive godt ungdoms- og konfirmantarbeid framover.

Finansiering av denne stillinga er basert på kollekt og gjevarteneste, men dette dekker kunn ca. 25% av kostnadene. For å kunne halde fram med denne stillinga treng soknet å sikre finansieringa.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utran framlegg til vedtak